

## PORTRETT

Einaste soknediakon i Bjørgvin:

# Odelsjente med bakkekontakt

– Det kan være litt slitsomt iblant at eg ser så ung ut. Her om dagen sa ein mann til meg at han trudde eg var ei jente som kom for å selje lodd.

Aud Evy Leirgulen (27) kan lett lyge på alderen, men du skal ikkje ha prata så lenge med henne før du skjønar at her har du ei jente med bein i nasa, masse pågangsmot – og ein trygg fagleg identitet. (Så er ho heller ikkje odelsjente for ingenting).

### Av Tore Johan Øvstebø

Vi har stoppa på trappa til soknediakonen i Vik i Sogn for å slå av ein prat i sommarvarmen. Det slår oss at jammen bur dei romsleg og godt.

– Nei dette er ikkje vårt, sier Aud Evy. Flaks for oss at det nettopp var dette huset som stod ledig av dei kommunale bustadane då vi kom hit i fjor sommar.

Aud Evy og ektemannen Audar Kullsveen trivst godt i den middelstore jordbruksbygda ved Sognefjorden. Audar trefte ho forresten på Diakonhjemmet der dei studerte i lag. Ho på sosialhøgskulen og han på sjukepleiarhøgskulen. Han arbeider no i heimesjukepleien i Vik, og det hender rett som det er at han kjem heim med beskjed om at no ynskjer den eller den besøk av diakonen.

– Det har gått fint å komme inn i bygdemiljøet. Som diakon blir du fort kjent med både innfødde og tilflytta. Eg trur det er berre dyrlegen som har det lettare slik enn meg, smiler Aud Evy.

– Mange ville kanskje synest det var litt vågalt å flytte hit frå Oslo, men vi har ikkje lengta tilbake ein dag. Audar som sjølv er Oslo-gut, er tydeleg einig. (To par velbrukte fjellsko i gangen seier kanskje litt om kvifor).

– Ellers trivst eg godt i jobben, understekar Aud Evy. Sjølv sagt kan eg kjenne meg sliten iblant – men eg er nok altfor makeleg anlagt til å brenne meg ut. Prøver å vere nøyen med å skrive timar, og avspaserer med et beste samvit når eg har rett til det. Dessutan brukar eg fritida mi på heilt andre ting – blant anna som styremedlem i Vik Naturvernlag. Når eg har fri, så har eg fri, og då koblar eg godt av frå jobben.

### Sorgarbeid

Aud Evy meiner ho brukar svært mykje av det ho lærte på Diakonhjemmet. I sorgarbeidet for eksempel. Dette er eit arbeid som ho prioriterer både fordi ho synes det er svært meningsfylt, og fordi det ikkje er nokon andre som arbeider systematisk på



dette feltet. Dei etterlatte blir kontakta pr. brev eller telefon alt etter om ho kjenner dei frå før. Alle får tilbod om eit heimebesøk, og enkelte blir fulgde opp over lengre tid. Det er også starta ei samtalegruppe for etterlatte som gjerne ville treffe andre i same situasjon. Såleis kjem både kunnskapar i samtaleteknikk, gruppeleiing og nettverksarbeid til sin rett.

– Det er ikkje vanskeleg og få brukt kunnskapane mine – det heile kjem berre an på fantasien og på prioriteringa. Eg kan ikkje ha for mange ballar i lufta på ein gong, for då blir det liksom ikkje noko av noko. Det eg brukar

## PORTRETT



minst no er sosialøkonomi og jus... men kan ikkje seie eg saknar det heller, smiler Aud Evy.

### Mange idéar

Det ho likar best med jobben, er at ho heile tida får vere med å legge premissane for arbeidet sitt sjølv.

– Ideane er mange, men eg må berre la ein del av dei ligge på is. Akkurat no er eg svært spent på korleis besøkstenesta kjem til å fungere. Har drive masse informasjonsarbeid, og no har eg faktisk 16 besøkarar som har blitt med i tenesta.

Besøksteneste i Vik er organisert slik at alle besøkarane har

skrive under på ein avtale om teieplikt der det også står kven dei forpliktar seg til å besøke. Mulig vert det gjort avtale om kor ofte besøka skal være – kvar veke eller annankvar veke.

Besøkarane er inndelt i grupper alt etter kvar dei bur i bygda, og desse gruppene samlast to gonger for året. Ellers er det to fellessamlingar for alle besøkarane der aktuelle tema vert teke opp. Desse kveldane er forresten opne for alle. To gonger i året vil Aud Evy ha ein slags medarbeidersamtale med kvar enkelt besøkar, der ho går igjennom kontrakten med besøkaren og eventuelt endrar på den.

Aud Evy har tru på besøkstenesta. Det er så mange som har sagt at det ikkje let seg gjere å organisere slikt på landsbygda, men vi får no sjå no då, seier ho med eit lurt smil.

Odelsjenta frå Leirgulen i Bremanger kaster seg utpå – det er sikkert. Men ho gler seg til soknediakonen i Gloppen (2-3 timar unna) er på plass. Siste året har ho vore den einaste soknediakonen i heile Bjørgvin. Kollegasamlingane i Ålesund – med soknediakonane i Møre har vore kjærkomne, men langt borte, synes ho.